

## 1 **Vi treng ei ny opptaksløysing til høgare utdanning.**

- 2 - Senterungdommen sin visjon for skule og utdanning er at alle elevar og  
3 studentar skal få utnytte sitt potensial og kunne lykkast uavhengig av  
4 bakgrunn.

5 Dagens opptak til høgare utdanning baserar seg på, med enkelte unntak, eit  
6 poengsystem med karakterar frå den vidaregåande skulen. Ein kan også få opp til 8  
7 alderspoeng, samt 2 poeng for enten militær, folkehøgskule eller 60 studiepoeng.

8 Kjønnspoeng og kvar du kjem frå kan du også få poeng for. Du kan også nytte deg  
9 av førstegangsvitnemål eller søke i den ordinære kvota. Er dette eit rettferdig  
10 system?

11 Berre ved eit enkelt søk på Google om høgare utdanning får ein opp lesarinnlegg på  
12 lesarinnlegg frå ungdomar som er lei av at trearen i fransk øydela sjansen for å kome  
13 inn på drøymestudiet, eller at eksamenskarakteren vart to karakterar dårlegare enn  
14 standpunktkarakteren. Mange brukar derfor tida si etter vidaregåande utdanning på å  
15 ta opp att fag. Ikkje berre er dette dyrt, men det er også eit tap for samfunnet at unge  
16 i staden for å studere, brukar tida si på å ta opp fag som ikkje er relevant til  
17 utdanninga si.

18 Dei siste åra, spesielt under covid-19, har vi sett ei stor auke i antal søkarar til høgare  
19 utdanning. For samfunnet er det kjempebra at vi får fleire med utdanning og som har  
20 auka fagkompetanse, men det er også eit bakteppe. Poenggrensene aukar og  
21 kampen om desimaltala blir berre høgare. Ikkje berre gav covid-19 oss ei auke i  
22 søkarar til høgare utdanning, men det skapte også ein forskjell i kven som hadde  
23 eksamenskarakter og ikkje. Sjølve grunnmuren i det norske samfunnet er at alle skal  
24 ha lik rett til utdanning, men med eit gammalt og utdatert system blir det umogeleg å  
25 gjennomføre i praksis.

26 Det er på tide å tenke nytt om høgare utdanning! Andre plassar i verda har ein blant  
27 anna eit opptakssystem basert på ein minimumskrav i form av poengsystem frå  
28 vidaregåande saman med eigenskriven motivasjonsskriv. På denne måten kan ein  
29 signalisere at det er eit krav for å komme inn, på lik linje med motivasjonen som ligg  
30 bak. Eit intervju eller anna kompetanse, som yrkesfag, kan også vere noko som  
31 spelar inn på om ein er kvalifisert eller ikkje. Kanskje det også er andre måtar å gjere  
32 det på, det viktigaste no er at noko må skje. Det er på tide med eit system som  
33 faktisk fungerer og som gjev alle lik rett på høgare utdanning.

34 Tidlegare forskings- og høgare utdanningsminister Henrik Asheim (H) satt i 2020 ned  
35 eit utval som skal vurdere om noko skal gjerast med opptakssystemet til høgare  
36 utdanning. Utvalet skal i 2022 komme med sitt svar. Uavhengig av dette må vi saman  
37 rope høgt om kva som er viktig for studentar og komande studentar.

38  
39 Senterungdommen vil:

- 40 - At regjeringa skal jobbe mot eit nytt opptakssystem som faktisk møter dagens  
41 samfunn.  
42 - At regjeringa ser på nye løysingar som legg til rette for eit rettferdig  
43 opptakssystem.

